

## **Nyttårsmottaking i eit hus som vitnar om dei lange linjene:**

Her har det vore kyrkjeleg verksemd sidan siste halvdel av 1000-talet. Asgaut blir rekna som den første biskopen av Oslo. Ja, vi står på heilag grunn her i Gamlebyen, med St hallvardsruinen like utafor.

Og det eldste møblerte rommet i Oslo, seiest det, er kapellet i kjellaren her. Ta dykk ein tur inn. Den første lutherske biskopen, eller superintendent som det heitte då i 1541, er Hans Rev og er den 31. i rekka etter han.

Så gode ordførar og alle de bydelspolitikarar her i Oslo og de som kjem frå Asker og Bærum. Våre samledarar frå fellesråd og andre tilsette i kyrkja og godtfolk frå ulike trus- og livssynssamfunn. Journalistar og kunstnarar.

Varmt velkommen. Og som med julefestane, så håpar eg at dette og er noko som er kome for bli! Før har vi på nyåret invitert stabane og tilsette, det ventar vi med til sommaren når vi kan vere ute. Vi fann ut at, no på nyåret vil vender oss utover til dykk: SOM er viktige samarbeidspartnar -

FORDI vi eg trur vi treng kvarandre. Og folka treng oss Og til alle de som er her frå andre tru-og livssyn: Den oppveksande slekta treng oss no: At vi saman står mot hat-ytringar, og viser at om vi meiner og trur ulikt, så står vi likevel saman om likvevard, fred og rettferd og at dette at

det å ha ei tru kan vere både ein rikdom og ressurs. Og då må vi møtes, seie hei. Kanskje vere litt nysgjerrig, på kryss og på tvers: - Hei hei..

.... TALE:

### **Meir HIMMEL PÅ JORD er folkekyrkja sin visjon.**

Eg kjem frå Stord på vestlandet, men har budd flest år av livet mitt her i Oslo. På Stord så ruslar det i følgje forfattaren Oskar Stein Bjørlykke rundt ein vismann som kallar seg Hans Klure.

Han har eg lært ein del av, han snakkar på mi dialekt, og høyr dette, som vismannen seier:

*Me sku kje sitta på gjerde*

*å venta på himmelrike*

*Da e kje meiningskap i da*

*Da e mens me bala med da so e,*

*at me ventar på da rike*

(Oskar Stein Bjørlykke: *Hans Klure*, Det Norske Samlaget, 1974)

Nettopp. Å bale med det som er – Det er å streve, anstreng seg kraftig.

Mange av oss gjer det. Og det skjer ting i Oslo bispedømme – Himmelrike opnar seg som glimt, rett som det er: Høyr:

## OPNE KYRKJER og KYRKJESAFARI

Vi satsar der det mogleg, der det går folk forbi  
å ha **opne kyrkjer**. Eg fraus noko grasalt på vegen gjennom sentrum  
fredagskvelden og oppdaga – åh -  
ja, døra til Domkirka er open! Varmt var det. Heilt stille. Eg fann benk  
og berre sat.

Berre sitte der.. Gratis. Utan å vise legitimasjon, eller attest om ein trur  
nok, eller riktig.

Vi har omlag femti kyrkjer som står opne til ulike tider –  
Takk til kyrkjeverjer som gjer det mogleg –

Ein brukar av open kyrkje fortel:

«Då eg for fleire år sidan fekk ei fantastisk friskmelding,  
drog eg frå Ullevål sjukehus rett ned til Domkirken. Eg gjekk inn, sette  
meg ned og kjende ro, takksemd og glede. Eg vart der i ein time. Det var  
einsamt, stille, vakkert og herleg.»

Det er gratis. Og kyrkjeromma er anneleis-rom.

Ta deg ein titt om du vil –  
på den nye kirkeparken ved Grefsen kirke, det er blitt eit ute-  
anneleisrom, eller krypten i Uranienberg kirke, utforma av arkitekt Aina  
Dahle. Hen fekk også betongprisen for Teglen kirke og kultursenter på  
Slemmestad!

Eller stikk inn i Kunstnarkirka i Holmsbu, eller Tanum middelalderkirke  
(jfr. Harriet Backer utstillinga på Nasjonalmuseet).

I april i vår åpnar ei nyrestaurert Gamle Aker – den eldste ståande bygnade i noverande Oslo, bygd av kalkstein på 1100-tallet. Gamle Aker kirke blir første middelalderkirke i Norge oppvarma med bergvarme, eit prioritert tiltak og del av grøn omstilling.

Eller Mortensrud kyrkje som er eineståande –

Då Gunnar Torvund utforma altertavla til Mortensrud kyrkje i 2002, felte han inn tre helt spesielle steinar: ein frå Jerusalem, ein frå Robben Island - der sørafrikanske Nelson Mandela satt fengsl, og ein frå Berlinmuren,

WOW finns dette? Ja. Ein ungdomsskulerektor eg møtte på visitasen i Grefsen sa at skulen gjerne tar med ungdommane til hellige hus, både moskear og synagogen, men ofte ikkje kyrkjer. Dei ville no begynne med faste besök i kyrkja i nabolaget, for å lære meir om kva som finnes i en kyrkje og kva som skjer der.

Bli gjerne med på kyrkjesafari – de politikarar også - kyrkjeverje/kirkjesjef , prost og biskop kan ordne det til!

...

Eg brukar ikkje tid i denne talen på det som står som sentralt tenesteordninga til våre tilsette: Dåp, konfirmantarbeid, gravferd, gudstenester, førebuing til bryllaup. - Deter der vi er i kontinuerleg kontakt med befolkninga.

...

**DIALOGARBEID ER NØDVENDIG**

Eg vil på denne mottakinga, med dykk til stades, løfte fram noko som er nødvendig å seie –  
som fleire av dykk her veit og har erfart er  
at her i Oslo bispedømme balar vi med løfte fram at vi er borgarar i eit  
livssynssope samfunn.

På sist visitas i Bærum var eg på besøk i Al-Noor-moskeen på Skui.  
Då eg var der i fjor, fekk eg også besøkt det nye minne- og  
læringsenteret som dei har laga om terrorangrepet laurdag 10. august  
2019. Utstillinga viser det som skjedde: Delar av veggene med kulehol er  
teke vare på, og forteljinga er usminka, ærleg og autentisk framstilt.

**Dialogarbeid er nødvendig.** I desse mørke tider, ser vi at åtaka frå  
Hamas og krigen som Israel no fører i Gaza har smitteeffekt til dialogen  
her heime. Dialogarbeidet er viktigare enn nokon gong, og som Den  
norske kyrkja i Oslo bispedømme vil vi bidra.

Heldige oss som har Bærum og Asker tros- og livssynsforum og STL  
(Samarbeidsrådet for Tro og Livssyn)-Oslo, **og** Kirkelig dialogsenter.  
Kirkelig dialogsenter samarbeider med Teologisk fakultet ved UiO med  
Dialogpilotutdanning (20 studiepoeng) for deg mellom 19 og 30 år!  
Målet er å skape verktøy for å forebygge utanforskning og polarisering.  
(Spør gjerne Tonje Kristoffersen)

Noko som vekkjer entusiasme på **skulebesøka under visitasane** er når  
vi nemner ressursmateriellet som Kirkelig dialogsenter har utarbeida:

«*Homo, hore, jøde, terrorist, svarting – sier vi*». Eit ressursmateriell til bruk på skulen om antisemittisme, muslim fiendtlegiheit og rasisme mot rom. No ligg det på nett til alle lærarar og andre interesserte, så berre last ned.

...

Eit anna kursprogram som går som det susar, heiter FLEXID.

([Flexid.no](http://Flexid.no)). Det er retta mot å gi ei forståing av innbyggjarane våre med krysskulturell identitet. Og dei er det mange av!

Med Flexid «ønsker vi å styrke ungdommenes opplevelse av å være en person som hører til der de lever og er. Samtidig vil kurset bekrefte at de også har røter til andre kulturar, gjennom foreldra sine, familie eller andre steder de har bodd»

Fleire av våre tilsette (inkludertrådgivaren her i diakoni, Ingun Yri Øystese og prost Øyvind Staburn) har tatt det, spør dei gjerne. Stiftelsen Flexid har mange samarbeidspartnarar som skule og utdanningsinstitusjonar, men også aktørar innan helse og barnevern og trus- og livssynsaktørar.

Vi er opptatt av å møte det krysskulturelle samfunnet vi er en del av. Ja vi ønskjer å myndiggjere og gi kompetanse. Vi ønsker å rive murar og bygge bruar. **Vi må det**, for livets skuld . For framtida.

Ein av prostane våre leidde arbeidet med rapporten frå trus- og livssynsutvalet «Tro det eller ei», som blei framlagt for snart 4 år sidan. Det var og er ein svært god rapport! - Som peikar på behovet for ein

aktiv trus- og livssynspolitikk for hovudstaden og ei moglegheit for Oslo til å vera eit førebilete for andre hovudstader.

Vi merka oss at det nye byrådet før jul trekte tilbake den bystyremeldinga som det førre byrådet la fram i haust – som tok utgangspunkt i Tro det eller ei-rapporten. I samarbeidsavtalen mellom Høgre, Krf og Frp heiter det at byrådet i 2024 vil leggja fram ei eiga sak som følger opp «Tro det eller ei».

Oslo treng ein heilskapleg og likebehandlande politikk på trus- og livssynsfeltet, og vi ventar i spenning på kva byrådet vil leggja fram som politikken sin!

..

Prost Marit Bunkholt i Nordre Aker fortel at i samarbeid med foreninga *Pådriiv* og andre trus- og livssynssamfunn så vil dei i vinter opne eit felles livssynsope hus, sjølv om vi ikkje har noko hus. Vi møtest til felles aktivitetar og dialog i lokala til kvarandre. Men vi treng eit felles hus!

Dette må inn i dei vidare samtalane til kommunen om trus- og livssynspolitikk.

Byen og mange trus- og livssynssamfunn treng eit lokale for seremoniar, dialog, fredsarbeid og aktivitet på tvers av tru. Då vi møttest for å planleggja fellesskapet i vinter gjennom aktivitet utan hus, var krigen i Gaza godt i gang. Ein ung muslimsk mann i gruppa fekk spørsmålet: «Blir det vanskeleg viss jødisk ungdom blir med?» Han svarte, -«nei, det skal gå bra». **Vi treng felles hus for å skapa samtalar på tvers!**

....

## UTBYGGINGSOMRÅDER

Fleire av sokna våre grenser opp til **Hovinbyen**.

På visitasen i Tonsen sogn besøkte eg Startblokka på Linderud, som tilhørde industrikomplekset til Siemens. No er det Stor-Oslo Eiendom som eig det, og bydel Bjerke har flytta inn mellombels, og gjort Startblokka til eit samfunnshus og møteplass.

Dette området ved inngangen til Groruddalen blir kalla Hovinbyen.

Hovinbyen står overfor kraftig vekst med titusenvis av nye arbeidsplassar, og titusenvis av nye innbyggjarar.

Som kyrkje har vi gått inn i eit **prosjekt** saman med mellom anna før omtalte Pådriv, STL- Oslo, og fleire av dei muslimske trus søskena våre.

Kvífor? Jo, igjen når vi tenkjer framtid – og vi må det, også vi i Oslo bispedømme. – **Høyr høyr**

– vi vil faktisk tørre å våge å endre oss,  
ta feil, heller enn å sikre oss ved å være som alltid før .

-Kva med dei lange linjene, og kyrkja tradisjonsberar og den trygge hamna når det røyner på? Jo da: Husa bygd av stein, Orgelet kling som aldri før og salmar blir sunge. Vi er og vil være der,  
- **men** no er det dette med **framtida**:

Vi er i mangfaldsOSLO og i Hovinbyen, og kanskje etter kvart også i Fjordbyen –

ser eit stort behov for eit «livssynsøpe hus», der folk av ulik tru og livssyn kan dela på huset, møta kvarandre i døra og bli kjend!

Ja, - og nokre gonger blir vi utfordra til å være med å byggje nye samfunn nesten frå botnen av. Det skjer på **Fornebulandet i desse dagar**. Her skal også ein heilt ny by vekse fram med kanskje så mange som 40.000 innbyggjarar. Ei tomt på Fornebu her har vore avsett til kyrkje frå langt tilbake,

og i Kommunedelplan 3 frå 2019 vart det vedteke å byggja eit **Flerbruks hus med kyrkjerom på kyrkjetomta.**

No er medverknadsprosessen i gang, og målet er at nybygget skal stå klart allereie i 2028. Eg kjem syklande til opninga – sjøl om det då er ein annan biskop som har teke over roret her.

På Fornebulandet tenkjer vi som folkekyrkje at det er viktig i ein heilt ny by, at menneska som bur der kan **få vere del av ei folkekyrkje i nærmiljøet.**

## **FRAMTIDA BUR HOS OSS**

«Framtida bur hos oss» er eit nettverk som fleire av våre vigsla medarbeidarar i Oslo bispedømme er med i. - Omtrent alle i Groruddalen prosti. -Kva betyr det å være kyrkje i eit område der kyrkjas medlemmar er i mindretal? Vi har blitt inspirert frå «Framtida bur hos oss» i Svenska kyrkan. Nettverket starta med å kalle seg eit forum for vi som er mindretal, men kom fram til at det både meir framoverlent og sant at framtida bur hos oss.

For kyrkja trengs på slike stader, men på kva måte? Eg har peika på ein del allereie, som gjestfridom og nabolagsbygging.

I Fossum kjem omlag 150 barn og unge innom kyrkja kvar onsdag. Nokon for å treffa venner og få ein matbit, andre for leksehjelp, mens andre igjen kjem først og fremst for å få eit varmt måltid før trening eller andre aktivitetar. Mange barn i dette nabolaget bur i familiar med vedvarande låg inntekt. Ja, tilsette og frivillige frå lokalsamfunnet gir tilbakemelding om større pågang i det siste og spørsmål om å ta med også ta med mat til søsken.

Fossum er ein mangfaldsbydel. Vi ønskjer å vere ein samfunnsaktør, gjennom å vera ei **diakonal folkekyrkje** i byen vår, uavhengig av kven ein er og kvar ein kjem frå. Det verkar som Fossum kirke blir opplevd som ein trygg stad, for mødrane i nabolaget. Vi vil tilsette fleire diakonar. Diakoni er kyrkjas omsorgsarbeid og

diakonane våre har Master i Diakoni som bygger på bachelor i helsefag, sosialfag eller pedagogikk. Fleire enn før vil bli diakonar, og vi ser at vi treng fleire og fleire.

## **SAMTALETILBUD – SJELESORG**

Noko av tilsette i kyrkja bruker mest tid på å samtale med folk.

Det kan vera to minutt i gangen,  
eller avtalt sjelesorg. Det kan også vera i samband med dødsfall,

og då snakkar me om at kyrkja i Oslo, Asker og Bærum  
kvar einaste veke står ansvarleg for 70 gravferder- kvar veke i snitt.

I Asker møtte eg ungdommar i 3. klasse på Asker vgs, og dei fortalte at veldig mange ønske å møta trygge vaksne som dei kan snakka med. Dei peika på køar hos helsejukepleiar og hos psykologar, og dei private tilboda er dyre. Dei snakka uoppfordra om psykisk helse, om press, stress. Ikkje berre jentene. Også gutane sa, at det bør vera eit mål «å få oss gutar til å sjå det nødvendige i å snakka om kjensler». Ærleg og nært!

Eit tilbod i Sandvika i Bærum som kyrkja er inne i, heiter «13-20» og er eit samtaletilbod for unge. No håpar me det kan bli etablert også i Asker, og det vil vera eit spissa tilbod til ungdom som slit. Og liknande rundt om!

Eg vil nemne **spesialprestane våre**. Som er i samtale med studentar på lærestadene og i Ila kirke.

Vi i Oslo bispedømme er arbeidsgivar og til fire og ein halv fengselsprest – No skal presten i Bredtveit kvindefengsel følge med kvinnene over til Ullersmo. Vi er opptatt av soningsforholda til dei innsette, og vi hører frå personale og ledelese at prestetenesta er livreddande.

## **AVRUNDING - korleis vil vi tatt være på i alderdommen?**

Eg er 63 år. Og ja, vi blir eldre og fleire av oss har følgt foreldra våre inn i alderdomen og over på hi sida.

Eg snakka med bydel Østensjø om dette at stadig fleire blir demente i byen vår. Kva med å samarbeide om å gjere bydelen trygg. Ja, gi alle ei kunnskap kva dei seie og gjere når dei treff på ein med kognitiv svikt.

Korleis vil **eg** ha det på sjukeheim og helsehus? I Oslo bispedømme er det store forskjellar på korleis ein tilrettelegg for tilgang til tru og livssyn. Eg inviterer dykk alle her inn til samtalar og møter om dette.

Ikkje berre for å avdekke manglar , men at vi saman med finne ut av korleis vi best legg til rette.

...

Korleis høyrest dette ut? Kva seier eg her eg står? Først og fremst :

- At vi må samtale og finne ut av dette i samen: Dette livet som leves sorgene, gledene, draumane, alt dette vi kanskje ikkje torer heilt å snakke om for vi veit ikkje korleis det vil bli tatt i mot, eller det er djupt eksistensielt. Eg håpar at vi i kyrkja kan bidra til fellesskap, til trøyst, mening, glede og framtidstru.

Til slutt : Oslo Bispedømme er Asker, Bærum, Oslo kommune og Det landsdekkande døve prostiet: Eit miljø der teiknspråk er førstespråk, og ja vi har faktisk fire prestar i landet vårt som er døve, som har teiknspråk som førstespråk.

Og i haust tilsette vi prest for å styrke samisk kyrkjeliv i Sør Norge.

Vi vil møtes i Oslo Domkirke 6 februar klokka 14.00 . Velkommen til festgudsteneste på samisk nasjonaldag.

For vi vil *ikkje sitta på gjerde*

*å venta på himmelrike*

*Da e kje meiningskap i da*

*Da e mens me bala med da so e,*

*at me ventar på da rike*

